

## Framlegg til endringar i lov, styringsføresegner og føresegner for reservefond

Styret føreslår ein del endringar i «Lov for Bergen ungdomslag Ervingen», «Styringsføresegner for Bergen ungdomslag Ervingen» og «Føresegner for Bergen ungdomslag Ervingen sitt reservefond». Detaljane i forslaga kjem fram i vedlagte papir.

**Hovudpunkta i endringsforslaget, med forklaring på kvifor styret ser behov for endring:**

- **Lagsstyret skal ha følgjande verv: leiar, nestleiar, økonomiansvarleg, PR- og rekrutteringsansvarleg og tilskipingsansvarleg. Verva blir valde av årsmøtet.**

Vi ønskjer meir definerte ansvarsoppgåver i styret, og at folk veit kva ansvarsområde dei går inn i styret med. Dette er eit bidrag til å avlaste leiar, og for å få auka fokus på oppgåver vi meiner er særst viktige for vidare utvikling av laget. Dette kan gi grunnlag for betre kommunikasjon i laget og betre «merkevarebygging», PR og rekruttering. Begge deler er knytt til forslag til nytt arbeidsprogram.

- **Blad- og blestnemnda blir lagt ned og erstatta av nemnder etter behov.**

Vi ønskjer å ha målretta arbeid med konkrete oppgåver, leia av PR- og rekrutteringsansvarleg i lagsstyret. Aktuelle særlagsstyre må bli involverte i arbeidet, heller enn ei nemnd «på sida av» særlagsstyre og lagsstyre. Arbeidet kan til dømes gjelde utarbeiding av PR-strategi og av visuell profil. Ein må unngå uklar arbeidsdeling mellom lagsstyre, særlagsstyre og nemnd som arbeider med informasjon. Bodstikka har alt gått over til å berre vere elektronisk, noko vi ønskjer å halde fram med.

- **Dagens Råd og Fond- og eigedomsstyre blir slått saman til eit nytt Råd.**

Vi ønskjer at det nye rådet i større grad skal vere involvert i rådgiving i spørsmål som er viktige for laget, og ei støtte for styret. Det er behov for nytenking for å skape eit robust lag for framtida. Rådet kan dessutan sørge for stabilitet dersom lagsstyret blir skifta ut ofte.

Vi meiner det er særst viktig at dei som skal tenke langsiktig på vegne av laget også har god kjennskap til eigedomsforvaltinga og økonomien, og har påverknad på denne. Det nye rådet skal representere laget på årsmøte i lagsbruka, noko som kan gi ein opplæringsfunksjon for heile rådet. Vi ønskjer at laget skal ha tettare tilknytning til forretningsdrifta. Forretningsdrifta er det økonomiske grunnlaget for lagsdrifta. I tillegg er forretningsdrifta med på å bestemme kva retning laget kan utvikle seg i, mellom anna ved korleis lokala

blir brukte, profilering og strategiske val. Når det nye rådet skal ha forvaltingsansvar for fond og

verdipapir i laget og vere laget sin kontakt med lagsbruka, meiner vi at to personar i rådet må ha dette som særskilt ansvar, og bli vald inn med desse arbeidsoppgåvene.

Vi ønskjer også at rådet framleis skal ha ein kontrollerande funksjon. Vi meiner at rådet klarar å utøve kontroll sjølv om det blir tettare kopling mot styre og mot økonomiske interesser. Vi meiner at nærleik og enkel kommunikasjon mellom organa er viktigare enn avstand for å få laget til å fungere godt. I dag er det for mange i laget som har manglande kunnskap om delar av lagsdrifta og forvaltinga.

- **Hyttenemda blir lagt under styret, slik praksis er i dag.**
- **Spelemannslaget blir delt slik at Audhilds og juniorspelemannslaget er kvar sitt særslag. Aktiviteten i og styringa av dei to gruppene er i praksis skild og ei oppdeling forenklar arbeidet i gruppene.**
- **Styret i barnelaget treng ikkje å bli vald av borna, sidan dette likevel ikkje fungerer. Styret i barnelaget tar omsyn til barna sine ynskjer og innspel, men det er ikkje føremålstenleg å ha barna med på drifta av særlaget. Forslag til nye styringsføresegn er lik noverande praksis.**
- **Kvedargruppa og Skostredet spøt og slarv blir nye særslag. Aktivitetane er ønska av fleire medlemmer og fell inn under føremålet. Dei kan sjølv velje kontaktperson.**